

Referat frå elevråd 27.08.25

Tilstades; Sindre, Gabrielle, Kristian Elias, Julie, Mads, Alice, Oda, Enok, Viktor, Ingveig og Kristin.

Saker;

- 1) Val av elevrådsleiar og nestleiar, + representant til SU. Viktor vart vald til leiar og Oda til nestleiar av elevrådet. Julie møter som representant i SU. Ved behov for vara tek med det undervegs.
- 2) Rektor informerte om elevrådet sitt arbeid, om barn og unges kommunestyre og kva samarbeidsutvalet (SU) er. Elevrådet fekk kort informasjon om at opplæringslova §10-4 og §10-5 seier at alle skular *skal* ha eit elevråd, og litt om kva saker elevrådet kan diskutera og uttala seg om.
- 3) Informasjon om work-shop/fagdag for 7.-10 klasse elevråd. Viktor, Enok og Kristin reiser på fagdagen i november (heil skuledag, i Møllekjellaren, for å arbeida med førebygging av rus).
- 4) Høyringsforslag til forskrifter om permisjon, SFO og forslag til hovudmål. Elevrådet hadde ingen innvendingar til høyringa.
- 5) Rektor informerer om at frå dette skuleåret reiser 6.klasse på leirskule i lag med Bryne skule. Dei reiser i veke 18, og Magreta vert med.
- 6) Mapahoney er planlagt 11.september. Me bør allereie no byrja å samla inn gevinstar til elevrådet sitt loddssal.
- 7) Trygt og godt skolemiljø. Rektor informerer om opplæringslova § 12-2 som seier at «alle har rett på eit trygt og godt skolemiljø.» Elevrådsrepresentantane informerer om at oppstarten i friminutta stort sett har gått greitt, men at det kan vera ein del konfliktar på Brent ball-banen, med kommentarar og banning. Viktig at dei vaksne følger med og slår ned på språkbruk. Rektor informerer òg om «Laget» på skulen, som møtes jamnleg, med mål om at alle skal trivast her på Hognestad. Rektor fortel at elevrådet som var sist skuleår ynskte at me skulle fortsetja arbeidet mot mobbing, med mellom anna å laga plakatar til klasseromma og rollespel.
- 8) Utviklingsplanen. Me fortset med å ha fokus på engelsk og motivasjon. Me vil arbeida for å få auka motivasjon til læring hos elevane, og har mellom anna spurt elevrådet tidlegare om kva som gjev dei meir motivasjon. Det har til dømes vore å

få vera med å bestemma korleis dei skal arbeida med oppgåvene, eller kva resultatet skal vera (presentasjon, plakat med meir). Skulen har òg fokus på lesing og rekning.

- 9) Hei Verda! Eit einstemmig elevråd valde å støtta Peru i årets aksjon. Me har planlagt å ha Hei Verda i veke 44 og 45. Forslaga til kva me kan gjera i årets aksjon er; Slush-maskin, laga muffins og selja, ha kafè, bruktnarknad, kino, selja lodd, utlodning i hallen (med/utan kor), spøkelseshus, springa, fotballkamp i ballbingen, gjettekrukke, «Just dance», åpen dag. Representantane tek spørsmålet tilbake til klassane.
- 10) BliMe-dansen. Vil elevrådet at me skal dansa, filma og senda inn dansen? Elevrådet var litt usikre og usamde, og tek saka med tilbake til klassane.

Referent

Kristin Sando

Elevrådskontakt